

Oddbjørn Leirvik:

Den tronge døra og den smale vegen

Preike i Lilleborg kyrkje, 24. februar 2013

Lesetekst: 2. Kor. 6,1-10

Evangelietekst: Lukas 13,22-30

Av og til blir eg fylt med ei veldig framandkjensle når eg les Bibelen, særleg når eg blir konfrontert med dramatiske og provoserande tekstar som dei vi har høyrte i dag.

Først høyrde vi Paulus tale om eit liv heilt på kanten av kva det er mogeleg å halde ut – i naud og angst; utskjelt, mishandla og fengsla; i nattevake og svolt. Slik vart livet hans fordi den budskapen han forkynte om ein korsfesta Gud, var heilt uakseptabelt for mange av dei han møtte. Og sjølv om det finst kristne som har det like dramatisk som Paulus også i dag, så er dei erfaringane han skriv om, milevis frå mitt nokså trygge liv.

Om mange av oss kjenner oss framande i forhold til Paulus sitt høgdramatiske liv, så blir det jo ikkje lettare når dagens evangelium blir lest. Men då er det, for meg i alle fall, det *gudsbiletet* vi møter som skaper framandkjensla. «Evangelium» skal liksom tyde «god budskap». Men kor god budskap er det at mange blir ståande desperat utanfor og hamre på ei stengt dør, når alt dei vil er å kome inn i Guds rike? Og kva slags gudsbilete er det eigentleg Jesus teiknar for oss? Det er jo ikkje biletet av den kjærlege Gud som vi kristne likar å smykke oss med. Det er ein tilsynelatande nådelaus guddom som konfronterer oss i evangelieteksten og sånn sett passar det jo bra at husbonden som nektar å låse opp døra og sleppe folk inn, på gresk heiter «husdespoten».

Igjen blir eg ståande med ei framandkjensle. Er dette min Gud? Er dette ein Gud som det er verdt å tru på? Som lar nokre sleppe inn i lyset og varmen, medan andre står utanfor i mørket og gret sine modige tårer? Før i tida, når kristendommen var hardare i kantane enn i dag og folk var meir verjelause overfor svovelpredikantane, var dette ord og bilete som skapte psykiske problem hos mange.

I dag er vi, håper eg, betre rusta til å verje oss mot dei brutale gudsbileta. Vi lar ikkje kva som helst slags gud sleppe innpå oss.

Men lat oss no likevel prøve å ta dagens evangelietekst i beste meining. Lat oss prøve å forstå kva som stod på spel når Jesus let Gud stenge dørene for folk som ville inn.

Det første og kanskje viktigaste vi bør merke oss, er at Jesus aldri var hard mot dei som låg nede. Dei som var målskiva for Jesu domsforkynning, var dei som *heldt* andre nede. Dei Jesus trugar med evig fortaping, er dei som trur dei har alt på det tørre men som – som det står i teksten – «gjer urett». Dei blir dømt desto hardare, fordi dei tar det for gitt at dei er på Guds side. Medan dei berre er på parti med seg sjølve.

Det må ha vore eit sant jordskjelv Jesus utløyste, når han i si forkynning snudde opp ned på alle rangordningar: «Nokre av dei siste skal bli dei første», ropte han ut, «og nokre av dei første skal bli dei siste!»

Men eg veit framleis ikkje om dette er ein god bodskap, for meg, eller for dykk. For eg veit ikkje kva flokk eg eller de ville hamne i, om vi blei konfrontert med Jesus og hans radikale bodskap om å gjer det som er rett i Guds auge.

Lat meg likevel prøve å vinne meining ut av eitt bestemt motiv i dagens preiketekst. Eg tenkte på biletet av «den tronge døra». Det er eit bilete som vi også finn ein annan plass i evangelia, nemleg i Bergpreika. Der blir den tronge døra kopla til biletet av den smale vegen. Jesus kallar disiplane sine til å styre unna dei vidopne dørene og dei breie vegane, og heller gå inn gjennom den tronge porten som fører oss inn på den smale vegen. Men kva tyder det?

Eg trur vi skal passe oss for å bli sjølvopptatt når vi tenke på korleis vi skal kome oss inn igjennom den tronge porten eller halde oss på den smale stien. For når Jesus brukar desse bileta, då handlar det om vårt forhold til andre. Når Jesus snakkar om den smale vegen i Bergpreika, ja då har han nettopp undervist om den gylne regelen: «Alt de vil at andre skal gjere mot dykk, skal også de gjere mot dei.»

Då er vi litt klokare: den smale vegen, det er den stigen der vi heile tida blir konfrontert med vår nestes behov. På den breie vegen kan vi lett oversjå dei andre. Men på den smale vegen, der kjem vi tett innpå kvarandre. Vi kan rett og slett ikkje passere kvarandre utan å røre forsiktig ved den vi møter. Stien er så smal at vi berre må ønskje det same for vår neste som for oss sjølve. Elles kan vi ramle utanfor.

Interessant nok finn vi motivet med den smale vegen også i ei anna heilag bok, nemleg i Koranen. Og der er det heilt tydeleg at den tronge vegen er fylt til trengsel av menneske som er avhengig av andre sin solidaritet. Høyr berre:

Har Vi ikke vist ham de to veier?

Men han gav seg ikke i kast med den trange og bratte.

Vet du da hva den trange vei er?

Det er å skaffe en slave frihet,

og på hungerens dag å gi mat

til en foreldreløs slektning,

eller til en fattig stakkar,

og så være av dem som tror,

og som anbefaler hverandre standhaftighet,

og råder hverandre til medkjensle.

Jesus og Muhammad er ikkje alltid på linje. Men måten dei snakkar om den tronge porten og den smale vegen på, liknar ganske mykje. Begge var dei då også etterkomarar av Abraham. Og som vi høyrde i evangelieteksten, alle dei som gjer rett skal få sitje til bords med Abraham i Guds rike.

Mange av dei salmane vi syng i dag handlar om sjela sin kamp for å halde seg på den smale vegen. Men Jesus er tydelegvis meir opptatt av kva forhold vi har til våre medmenneske enn korleis sjela vår ser ut. Poenget er vel at det er ein samanheng her: ein kan vanskeleg ha ei vakker sjel utan å søke sin nestes beste.

Å råde kvarandre til medkjensle, som vi blir oppfordra til i alle heilage skrifter, det er det beste både for sjela vår og for vår neste. Om vi skal tru Jesus, er det faktisk slik vi bergar vår sjel.

Og evangeliet, det er at vi skal få tru at Jesus også kan berge oss, med si medkjensle.